



## Til stades:

Oddvar Hægeland (2017-2018)  
Øystein Kvamme (2017)  
Sigrid T. Lofstad (2017)  
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)  
Anders Songe (1. vara 2017)

Kviteseid, 3. mai 2017

## Referat frå styremøte onsdag 3. mai 2017 kl. 1800

Opning ved Sigrun som las fra *Det er mye man ikke må* av Tomas Sjødin om livet som ein gjennomiktig plastpose og dagens bøn frå Norsk bønnebok.

### Sak 11/17: Godkjenning av referat frå styremøte 8. mars 2017

Referatet blei godkjent med merknad om at kollektpapir (inkludert infoark til talarane) bør stå i ein perm. Sigrun ordnar dette.

### Sak 12/17: Oppsummering fellesmøta

Styret synest det var fine møte. Betel deltok med mange folk og god innsats. Barnepass var kanskje noko av det som var vanskelegast å få til, men det var eit populært tilbod. Styret vil særleg takke Olav med venner som stod for det musikalske. Vi meiner kyrkja fungerer godt som fellesmøtelokale då sjølve plassen kanskje gjer at fleire kjem.

### Sak 13/17: Planlegging av haustterminen inkludert styremøtedatoar

Styret har fått oversyn frå sundagstreffkomiteen med datoar og tema for hausten.

Datoar: 27/8, 17/9, 1/10, 22/10, 5/11, 19/11, 3/12 og 17/12 (julebord med besøk av Gunstein Draugedalen).

Forslag til andre møte:

Menighetsmøte 15/10, bibeltimar 29/10, 12/11 og 26/11 (Sigrun spør Amund, valfritt tema), lovsongskveld med lovsongsbandet den datoen Amund i ikkje kan kl. 18 (Oddvar spør), adventssongmøte med Olav og vennene 10/12 (Oddvar spør)

Styremøtedatoar: 23/8, 4/10 og 29/11.

### Sak 14/17: Eventuelt og info

Innkjøp av leikestativ. Styret vedtok å kjøpe inn ei litt stor huske som blir plassert i hjørnet av plenen med redskapsboden. Det er viktig at vi kontrollerer stativet ganske jamnleg.

Styremøtet i juni (21/6) går ut.

Mari undersøker om vi kan vere på Heggveit på sommaravslutninga. Forslag om å ha natursti viss vi skal vere der.

Spørsmål om få lagt ned ein høgtalar i kjellaren slik at dei som har bornepass kan få høyre talen. Anders og Øystein arbeider med å få dette til.

Vi fører inn i rettleiinga for sundagstreffa at møteleiar må passe på at alle brukar mikrofonen og at lydnivået er høgt nok for dei som ikkje høyrer så godt.

Oddvar legg ut info om Godhetsveka og jubileumskonserten for Kviteseid Soul Children på nettsidene våre.

Neste møte er onsdag 23/8. Opning og kaffi ved Oddvar

*Oddvar Hægeland, sekretær*